



POLITIET

Kommunar i Vest politidistrikt Fagforeiningar i Vest politidistrikt

VEST POLITIDISTRIKT

Kopi: Fylkesmennene i Hordaland og Sogn og Fjordane,
Fylkesordførarane i Hordaland og Sogn og Fjordane
Fagforeiningar i Vest politidistrikt

Dykkar referanse:

Vår referanse:
201702801-1

Stad, Dato
Bergen, 15.6.2017

STATUS I ARBEIDET MED POLITIKONTAKTAR I VEST POLITIDISTRIKT

Arbeidet med politireforma held fram. Resultata etter klagebehandling av politidirektøren si avgjerd om organisasjonsstruktur er no ferdig, og avgjerdene er tidlegare gjort kjent gjennom brev frå Justis- og beredskapsdepartementet og Politidirektoratet. Internt i Vest politidistrikt arbeidar vi no med det vi kallar personalløpet, det vil seie plassering av medarbeidarane i den nye organisasjonen.

Arbeidet med organisasjonsstruktur heng tett saman med arbeidet med utvikling av arbeidsmetodar og arbeidsstrømer i politiet, for nærare om dette sjå vedlegg 2 høyringsinnbyding av 21.10.16.

Arbeidet med kvalitetsdelen av Nærpolitireforma

Politiet arbeidar med fleire tiltak i kvalitetsdelen av reforma. Tiltaka og utviklingsarbeidet vidare vil halde fram mot 2020, samstundes som politiet skal ha rom for samanhengande utviklingsarbeid i den nye organisasjonen.

I 2017 er fylgjande funksjonar prioritert av Politidirektoratet:

- Felles tenestekontor: Eininga skal prioritere og planlegge ressursar saman med lokale tenesteeiningar og driftseiningar.
- Etterretning: Politiet skal bli betre på å analysere og forstå utfordringane i kriminalitetsbilette sentralt og lokalt.
- Politipatruljen: Politipatruljane skal ved hjelp av kompetanse og teknologi kunne gjere fleire arbeidsoppgåve utanfor kontorstaden.
- Felles straffesaksinntak: Funksjonen vil gi etterforsningsleiing allereie i starten av ei sak og skal også samstundes gje likare prioriteringar av, og raskare avgjerdar i, den enkelte straffesak.

Vest politidistrikt

Politimeisteren
Post: Postboks 285 Sentrum, 5804 BERGEN
Besøk: Allehelgensgate 6

Tlf: 55 55 63 00
Faks: 55 55 65 50
E-post: post.vest@politiet.no

Org. nr.:
Giro:
www.politi.no

- Operasjonssentral: Operasjonssentralane i dei gamle distrikta vert slått saman. Politiet skal bli betre både på styringa av den daglege tenesta og kriseleing.
- Politikontakt: Skal saman med politiråda sørge for god samhandling med kommunane.

Den vidare orienteringa i brevet her gjeld oppretting av ordning med mellombelse politikontaktar.

Kva er "Politikontakten"

Frå politiet si side er politikontakten meint å vere ein ressurs og funksjon innan kriminalitetsførebygging. Politikontakten skal sørge for oppfølging av kriminalitetsførebyggande planar og politiet si nærpolitirølle, samt vera ein pådrivar for at politiråd og SLT-samarbeid fungerer godt. Politikontakten skal vera det viktigaste operative kontaktpunktet for dei ulike aktørane i kommunane. Kvar kommune skal ha politikontakt, men ein polititilsett kan ha oppgåva som politikontakt i fleire kommunar.

Politikontakten sitt arbeid og funksjon må sjåast i samanheng med politiråda. Politiråda er politiet og kommunane sitt formaliserte samarbeidsforum for det lokale kriminalitetsførebyggande arbeidet, for samordning av aktuelle beredskapsplanar og for arbeid med sikkerheit i samfunnet. Politirådet er for politiet sin del organisatorisk knytt til lokal tenesteeining (politistasjons eller lensmannsdistrikt) og tilhøyrande kommune(ar).

Gjennom utveksling av kunnskap og erfaringar mellom politi og kommune skal politirådet bidra til involvering av lokale myndigheiter, næringsliv og frivillige organisasjonar i det kriminalitetsførebyggande arbeidet, og innan beredskap og sikkerheit i samfunnet.

Politirådet skal minimum bestå av ordførar og rådmann frå kommunen, og stasjonssjef eller lensmann frå politiet. Politikontakten og SLT koordinatoren vil bli sentrale ressursar frå politi og kommune i arbeidet med å setje i verk politirådet sine avgjerder.

Midlertidige politikontaktar og start av ny organisasjon i Vest politidistrikt

Vest politidistrikt styrer mot start av ny organisasjonsstruktur 1.1.18. Ei av dei fyrste oppgåvene som dei nye lensmanns- og politistasjonsdistrikta skal ta til med, er innkalling til politiråd. Her skal det lagast nye og gjensidig bindande samarbeidsavtaler som også omtalar politikontaktane og SLT koordinator sine rollar.

Sjølv om politiet er midt i ein omorganiseringsprosess er det fatta avgjerd om at ordninga med politikontaktar skal setjast i verk allereie frå 15. juni 2017. På den måten blir politidistriktet rigga med eit formalisert kontaktnettverk mot kommunane i ei tid aktivitetsnivået er høgt internt i politiet og behovet for tett kontakt med kommunane er viktig.

Utpeikinga av kven som skal ha oppgåva som politikontaktar er midlertidig. Årsaka er som nemnd at den nye organiseringa av Vest politidistrikt ikkje er sett i drift, og at den formelle plasseringa av medarbeidarane i organisasjonen ikkje er ferdigstilt. I tida som kjem vil personalressursar bli plassert og ledige stillingar vil bli lyst ut. I samband med desse faktorane

vil dei som no er utpeika kunne bli brukt til andre oppgåver. Kommunane vil difor oppleve at nokre politikontaktar fortset i rollane sine etter 1.1.2018, og andre ikkje.

I vedlagde liste går det fram kven som er utpekt som politikontaktar for dei ulike kommunane i Vest politidistrikt. Kontaktane møtes allereie 15.6.17 i Førde. Der vil dei diskutera innhaldet i rolla og få siste oppdatering om arbeidet med nærpolitireforma.

Med helsing

Kaare Songstad

politimeister

Dokumentet er elektronisk godkjend utan signatur.

Sakshandsamar:

Helge Stave

prosjektleder

Vedlegg:

1. Liste politikontaktar
2. Invitasjon til høyring av 21.10.16 (sendt tidlegare)